

Ugradert

Fiskeridirektoratet Region Vest
Postboks L
6701 MÅLØY

Deres ref: 06/14180
Vår ref: 2006/7152
Dato: 03.01.07
Org.nr: 985 399 077

ENKØP

Att. Endre Korsøen

08 JAN 2007
ARK 433
SAK NR. 06/14180 FOKR 10

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet

VEDRØRANDE SØKNAD FRÅ LERØY FOSSEN AS (BOGNØY FISKEOPPDRETT) OM UTVIDING AV LOKALITET NR. 11649 STOLANE I RADØY KOMMUNE

Mattilsynet, Distriktskontoret for Nordhordland viser til søknad datert 12.09.06 frå Bognøy Fiskeoppdrett AS, oversendt frå Fiskeridirektoratet den 02.11.06.

Søknaden gjeld utviding av biomassproduksjon frå 1560 tonn til 3120 tonn på eksisterande lokalitet Stolane i Radfjorden, Radøy kommune.

Anna relevant oppdrettsverksemd innan ein radius på ca 5 km:

Det er ikkje annan akvakulturrelatert verksemd i Radfjorden enn lokalitetar for oppdrett av laksefisk. Det gjeld Lerøy Fossen AS (Bognøy Fiskeoppdrett) sine egne lokalitetar.

- Om lag 3 km vest for "Stolane" ligg lokalitet nr. 13209 "Bogno"
- Om lag 2,5 km søraust for "Stolane" ligg lokalitet nr. 11690 "Grasholmen"
- Om lag 4,5 km søraust for "Stolane" ligg lokalitet nr. 11687 "Ramsvik"

Vurderingar gjort av Mattilsynet sitt distriktskontor:

I samband med konsesjonshandsaming av søknader frå oppdrettsanlegg, skal Mattilsynet mellom anna vurdere smittehygieniske problemstillingar. I denne samanhengen vert det lagt vekt på avstand til anna akvakulturrelatert verksemd. Dei tre nemnde nabolokalitetane i Radfjorden ligg på eller utanfor den tilrådde minsteavstanden på 2,5 km, jamfør pkt. 2.2 i *Veileder til forskrift av 16.1.2004 nr 279 om godkjenning av etablering og utvidelse av akvakulturanlegg og registrering av pryddammer §5.*

Mattilsynet legg i si totale vurdering også vekt på at søknaden gjeld ei utviding av eksisterande verksemd i eit fjordområde der søkaren driv 4 anlegg med minste avstand 5 kilometer frå anna lakseoppdrett. Vidare har søkaren i sin driftsplanmodell søkt å tilpassa seg nyare føresetnader for vurdering av driftsplan: delvis synkronisert brakklegging og å unngå flytting av fisk i sjø.

Ved utbrot av smittsam sjukdom kan heile matfiskanlegget verta pålagd restriksjonar.

VEDTAK:

I medhald av § 5 i forskrift av 16. januar 2004 om godkjenning av etablering og utvidelse av akvakulturanlegg og registrering av pryddammer, gjev Mattilsynet, Distriktskontoret for Nordhordland, løyve til utviding av matfiskproduksjon av laks og aure som spesifisert nedanfor :

Konsesjonshavar	:	Lerøy Fossen AS, tidlegare Bognøy Fiskeoppdrett AS
Adresse	:	Bontelabo 2, P.O.Box 7600, 5020 Bergen
Konsesjonsnr.	:	H-OR-26, H-R-6, H-R-9 OG H-R-16
Artar	:	Laks og aure
Type anlegg	:	Matfiskanlegg i sjø
Lokalitet	:	11649 Stolane i Radøy kommune. UTM-koordinatar : 32V KN 880 252, kartblad 1116 II
Storleik	:	Inntil 3120 tonn
Evt. tidsavgrensing	:	Som for eksisterande løyve på lokaliteten.

Sjå også § 8 i same forskrift om Omgjøring av produksjonsomfang fra volum til maksimalt tillatt biomasse

Driften skal skje i samsvar med til einkvar tid gjeldande regelverk for verksemda. Ein vil gjere spesielt merksam på:

Forskrift av 22.12.2004 om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskrifta).

Forskrift om dyrehelsemessige vilkår ved omsetning og innførsel av akvakulturdyr og akvakulturprodukter.

Brot på føresegner gjevne i lov og forskrifter, eller i medhald av desse, kan medføre tvangsmulkt, tvangstiltak eller straff, jf. *Lov om matproduksjon og mattrygghet*, §§ 26 og 28.

Mattilsynet tek atterhald om endring av vilkår / tilleggsvilkår.

Eventuelle søknader om dispensasjonar frå desse vilkåra kan rettast til Mattilsynet sitt regionkontor.

Mattilsynet sine representantar kan når som helst vitja anlegget og ta ut prøver ved mistanke om sjukdom eller i samband med offentleg dokumentasjonsprogram. (Jf. *Lov om matproduksjon og mattrygghet mv*, § 13)


Konsesjonshavar må sjølv bera eventuelle tap ved iverksetjing av tiltak med heimel i *Lov om matproduksjon og mattrygghet m.v.*

Løyve frå Mattilsynet, Distriktskontoret for Nordhordland, for den omsøkte drifta er ikkje gyldig før Fiskeridirektoratet sitt regionkontor har fatta endeleg vedtak i medhald av lov av 17. juni 2005 om akvakultur (akvakulturlova).


Vårt vedtak kan påklagast innan 3 veker frå endeleg løyve er gjeve i medhald av akvakulturlova.

Vi ber Fiskeridirektoratet om å vidareføre vedtaket.

Med helsing



Odd Tøsdal
Distriktsjef



Roar Ektvedt
Seniorinspektør

Kopi ver sendt til:

Lerøy Fossen AS, Bontelabo 2, PO Boks 7600, 5020 Bergen
Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavingdelinga, p.boks 7310, 5020 Bergen
Radøy kommune, Miljøvernleiar, 5936 Manger

Vedlegg:

FOR 2004-01-16 nr 279: Forskrift om godkjenning av etablering og utvidelse av akvakulturanlegg og registrering av pryddammer